



DC Seljestokken Aggregates AS  
Eikemovegen 3  
5994 Vikanes

Sakshandsamar:  
Mari Katrine Berg-Arnesen

## Rapport frå inspeksjon ved DC Seljestokken Aggregates AS

Kontrollnummer: 2022.255.I.SFVL

### Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

*Frå verksemda:*

Jan-Øyvind Jørgensen  
Marion van Eck  
Trond Sleire  
John Natvik

*Frå Statsforvaltaren i Vestland:*

Mari Katrine Berg-Arnesen  
Gøsta Hagenlund

### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved DC Seljestokken Aggregates AS 26. august 2022. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 3 avvik og ga 1 merknad under inspeksjonen. Vi ser alvorleg på avvik 1. Verksemda har ulovleg utslepp av forureina vatn til miljøet og veit ikkje kva utsleppet inneheld.

#### Avvik:

1. Verksemda har ulovleg utslepp av forureina vatn til miljøet
2. Bedriftsinternt deponi er ikkje sikra mot erosjon og det er ikkje etablert sedimentasjonsbasseng i tilknytning til deponiet
3. Verksemda har manglar knytt til handtering av farleg avfall

#### Merknader:

1. Verksemda bør vurdere plasseringa av støvmålarane og hyppigheit for gjennomføring av målingar

Avvik og merknader er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4.

Sissel Storebø  
fungerande miljødirektør

Mari Katrine Berg-Arnesen  
overingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

- Kinn kommune

## 1. Informasjon om den kontrollerte verksemda

### Ansvarleg eining

<b>Namn:</b> DC Seljestokken Aggregates AS	
<b>Organisasjonsnr.:</b> 991 908 722	<b>Eigd av:</b> 984 313 403
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 08.111 – Bryting av stein til bygge- og anleggsverksemd	

### Kontrollert eining

<b>Namn:</b> DC Seljestokken Aggregates AS	<b>Anleggsnr.:</b> 4602.0001.01
<b>Kommune:</b> Kinn kommune	<b>Fylke:</b> Vestland
<b>Anleggsaktivitet:</b> Pukkverk	
<b>Løyve gitt:</b> 10.01.2006	<b>Sist endra:</b> -

## 2. Oversikt over fristar i rapporten

Kva skal verksemda gjere?	Punkt i rapporten	Frist
Tilbakemelding med tiltak for å lukke det alvorlege avviket	4, jf. punkt 7 avvik 1	1. desember 2022
Utkast til program for miljøgranskinga etter vassforskrifta	6	1. desember 2022
Sende inn skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta	4	1. februar 2023
Søknad om oppdatering av løyve	11	1. april 2023

## 3. Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år. Vi har motteke klager på utslepp frå verksemda over lengre tid.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48.

### Inspeksjonstema

- Vilkår i løyvet av 10.01.2006
- Internkontroll
- Prosess- og reinseutstyr
- Utslepp til luft
- Utslepp til vatn
- Avfallshandtering

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

## Definisjonar

**Avvik:** Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

**Merknad:** Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 4. Oppfølging etter inspeksjonen

DC Seljestokken Aggregates AS pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd.

For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at de **innan 1. februar 2023** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på avvik 1 som vart avdekt under denne inspeksjonen. De må sende inn ei eiga skriftleg utgreiing innan **1. desember 2022** som beskriv kva tiltak som er gjennomført for å lukke dette avviket.

Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll.

## 5. Vedtak om gebyr

Vi viser til informasjon og varsel om gebyrplikt som vart gitt til verksemda den 16. august 2022. Verksemda skal betale gebyr for kontrollar utførte av Statsforvaltaren i samsvar med § 39-3 i forureiningsforskrifta. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll av verksemda etter forureiningslova er fastsette i forureiningsforskrifta §§ 39-7 og 39-8.

På bakgrunn av forventa ressursbruk må DC Seljestokken Aggregates AS betale eit gebyr på kr 35 000,- for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Dette svarer til gebyrsats 1 for tilsyn av inntil ein dag. Miljødirektoratet vil sende dykk ein faktura for innbetaling til statskassa. Statsforvaltaren viser elles til forureiningsforskrifta kapittel 39 om innkrevjing av gebyr til statskassa.

### Klagerett

Vedtaket om gebyr kan klagast på til Miljødirektoratet innan tre veker, jf. §§ 28 og 29 i forvaltningslova. Ein eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og adressert til Miljødirektoratet, men skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Vi vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til Miljødirektoratet for endeleg vedtak. Gebyret som er fastsett, må likevel betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følge, vil for mykje innbetalt beløp bli refundert.

## 6. Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden *Norske Utslipp*, [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no).

## 7. Avvik

### Avvik 1: Verksemda har ulovleg utslepp av forureina vatn til miljøet

#### Avvik frå:

- forureiningslova § 7
- vilkår i utsleppsløynet punkt 2.1 om oppsamling og reinsing, og prøvetaking
- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 7

#### Kommentarar til regelverket

##### *Plikt til å unngå forureining*

Ingen må ha, gjere eller sette i verk noko som kan føre til forureining. Der det er fare for forureining skal den ansvarlege sørge for tiltak for å hindre at den finn stad. Har forureininga allereie skjedd må verksemda syte for tiltak for å stanse, fjerne eller avgrense verknaden av den.

##### *Utsleppspunkt*

I løyvet er det sett krav til at forureina overflatevatn frå steinbrot, drift- og lagerområde, og transport- og utskipingsområde skal førast til tilstrekkeleg dimensjonerte sedimentasjonsbasseng før utslepp til sjø, på minimum 20 meters djup.

##### *Representative prøvar*

Etter løyvet av 10. januar 2006 skal det takast representative prøve av vatn frå sedimentasjonsløyser minst 12 gonger per år.

##### *Rutinar*

Verksemda skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket.

#### Observasjonar

Det er etablert ein ny utsleppsstad for synleg forureina vatn frå sør på øvste del av uttaket, mot Demmetjørna, ned til Sunnarvågen. Dette er ikkje i samsvar med krav i løyvet. Verksemda kunne ikkje dokumentere at sedimenteringsløyseringa er tilstrekkeleg dimensjonert, og det var ikkje tatt prøver for å analysere innhald av mellom anna suspendert stoff.

Det er ikkje utarbeidd skriftleg rutine for drift av sedimenteringsbassenget.

## **Avvik 2: Bedriftsinternt deponi er ikkje sikra mot erosjon og det er ikkje etablert sedimentasjonsbasseng i tilknytning til deponiet**

### **Avvik frå:**

- vilkår i utsleppsløyve punkt 2.1 oppsamling og reinsing
- vilkår i utsleppsløyve punkt 5.2

### **Kommentarar til regelverket**

#### *Dimensjonering av sedimentasjonsbasseng*

Det skal etablerast tilstrekkeleg dimensjonerte sedimentasjonsbasseng i tilknytning til avrenning frå deponi for finstoff og avdekkingsmassar, jf. vilkår 2.1 i løyvet.

#### *Lagring skal ikkje føre til avrenning av slam*

Lagring av finstoff og slam frå boring eller reinsing av prosessavløpsvatn skal lagrast slik at det ikkje fører til avrenning av slam til vassdrag eller sjø, jf. vilkår 5.2 i løyvet.

### **Observasjonar**

Verksemda har eit bedriftsintern deponi i det sør-austlegaste punktet på området. Dette er ikkje sikra mot erosjon, og det var synleg utrasing av finstoffmassar frå området nedover fjellsida. Det er ikkje etablert sedimentasjonsbasseng i tilknytning til deponiet.

## **Avvik 3: Verksemda har manglar knytt til handtering av farleg avfall**

### **Avvik frå:**

- avfallsforskrifta § 11-5 om forsvarleg oppbevaring
- avfallsforskrifta § 11-8 om leveringsplikt
- internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 6

### **Kommentarar til regelverket**

#### *Lagring, merking, deklarerer og levering av farleg avfall*

Verksemda må sikre at farleg avfall vert tatt hand om på ein forsvarleg måte. Ulike typar farleg avfall skal ikkje samanblandast dersom det kan medføre fare for forureining eller skape problem for den vidare handteringa av avfallet. Alt farleg avfall må samlast opp og deklarerast før levering til godkjent mottak.

#### *Risikovurdering*

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på bakgrunn av dette vurdere risiko.

### **Observasjonar**

Verksemda hadde ein eigen container for lagring av farleg avfall. Fleire av fraksjonane var merkt med innhald, men mellom anna spillolje var ikkje merkt. I oppsamlingskar merka med *sprayboksar* låg det ein blanding av sprayboksar og andre kasserte dunkar. Vi kunne ikkje finne dokumentasjon på at sprayboksar var levert som farleg avfall.

Handtering og lagring av farleg avfall er ikkje omtalt i risikovurderinga.

## 8. Merknader

### **Merknad 1: Verksemda bør vurdere plasseringa av støvmålarane og hyppigheit for gjennomføring av målingar**

Verksemda har plassert ut fleire støvmålarar. Det kan vere grunnlag for å endre plassering, og ev. revurdere hyppigheit på målingane for å sikre representative resultat. Dette bør gjerast i samråd med konsulent med spesialkompetanse for denne type målingar.

## 9. Pålegg om miljøgransking etter vassforskrifta

Vi viser til varsel om pålegg datert 5. juli 2022. DC Seljestokken Aggregates AS må gjennomføre ei miljøgransking etter vassforskrifta. Miljøgranskinga skal starte opp i 2022. Utkast til program for miljøgranskinga skal vere motteke av Statsforvaltaren for gjennomsyn innan **1. desember 2022**.

Pålegget vert gitt med heimel i forureiningslova § 51 og vassforskrifta § 18 og vedlegg V, punkt 1.3.

### **Klagerett**

Vedtaket kan klagast på til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Ein eventuell klage bør grunngjevast, og han skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland seinast tre veker etter at dette brevet er motteke.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket vert utsett, jf. forvaltningslova § 42.

## 10. Oppdatering av løyve

### **Eksisterande løyve må oppdaterast**

Verksemda har eit løyve frå Statsforvaltaren frå 2006. Løyvet er gammalt, og ikkje i samsvar med dagens krav, utforming eller dei faktiske forholda hjå verksemda.

De må sende inn søknad om oppdatering av løyve, med naudsynt informasjon. Vi ber om at de sender inn søknad innan **1. april 2023**. Vi ber samstundes at de tar kontakt før denne datoen om de treng avklaringar i samband med utarbeiding av søknad.

## 11. Dokumentunderlag

Lovgrunnlag for inspeksjonen:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta
- Internkontrollforskrifta
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren datert 10. januar 2006